

Kartverket
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Dykkar ref.

Vår ref.
24/1366-3/KES

Dato
16.01.2025

Ålesund kommune – Katavågen eller Katevågen – tilråding

Me syner til eit namnesaksbrev som Kartverket skreiv til Ålesund kommune 10. september i fjor og til eit svarbrev som kommunen sende til Språkrådet 6. november.

I den lokale høyringa kom det inn to høyringsfråsegner, éi frå Nørvøy, Nørvasund og Hatlane kommunedelsutvalg og éi frå kommuneadministrasjonen. Fråsegna frå kommunedelsutvalet har denne ordlyden: «Nørvøy, Nørvasund og Hatlane kommunedelsutvalg finner det mest naturlig å bruke Katavågen. Flere av utvalgets medlemmer understreket at de i alle år konsekvent har brukt Katavågen - i alle sammenhenger.». Kommuneadministrasjonen skriv at dei «følger kommunedelsutvalget sin tilråding om at Katavågen er den riktige skrivemåten». I fråsegna frå kommunen er det synt til dette at namnet er med i stadnamnsamlinga etter Johan Krogsæter og at namnet der er ført opp med uttaleforma «Katavågjin».

Me tilrår at namnet på den vågen det er tale om i denne saka, blir skrive **Katavågen** i offentleg samanheng. Når det gjeld bruken av *a*-fuge, syner me til andre avsnittet i punkt 6 i *Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn*. Der står det blant anna: «Ein skal som hovudregel nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med den nedervde lokale uttalen.»

Det aktuelle vegnamnet på staden bør òg skrivast **Katavågen**, og det bør vedtakast at namnet på den brua som går over vågmunninga, skal skrivast **Katavågbroa**. Når det gjeld valet mellom skrivemåtane *-broa* og *-brua*, syner me til det at det den 13. mai i fjor vart vedteke at skrivemåten *-broa* skal nyttast i offisielle brunamnformer i dei mest sentrale delane av kommunen. Det vart då blant anna vedteke at namnet på ei bru over Nørvasundet, eit sund som ligg like nord for Katavågen, skal skrivast *Nørvasundbroa* i offentleg samanheng.

Med helsing frå

Ingvil Brügger Budal
stadnamnkonsulent

Daniel Gusfre Ims
avdelingsdirektør

Kjell Erik Steinbru
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakar:

Kartverket	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
------------	-------------------------	------	----------

Kopi til:

Ålesund kommune

Vedlegg:

Ålesund kommune – 132358

Katavågen eller Katevågen –
høyringsfråsegn frå
kommunedelsutvalet

Ålesund kommune – 132359

Katavågen eller Katevågen –
høyringsfråsegn frå kommunen

Ålesund kommune – 132360

Katavågen eller Katevågen –
høyringsfråsegner _
oversendingsbrevet frå
kommunen

Ålesund kommune – 132361

Katavågen eller Katevågen –
oppstartsbrevet frå Kartverket